

---

**Fra:** Katarina Birkeland  
**Sendt:** 25. januar 2016 20:50  
**Til:** 'redaksjonen@nordhordland.no'  
**Emne:** UKM 2016  
**Vedlegg:** unge arrangører.jpg

Hei

Sender litt informasjon om Ungdommens kulturmønstring 2016

## **Påmeldinga til UKM 2016 er i gang**

Unge arrangørar og kommunekontaktane er i gang med planlegginga til årets lokalmønstring i UKM.

Årets mønstring går av stabelen på Nordhordland folkehøgskule laurdag 27.februar.

Påmeldinga er i gang og mange ungdommar har meldt seg på, men det er framleis plass til fleire.

Påmeldingsfristen er satt til mandag 15.februar kl. 23.00.

Ungdommens kulturmønstring er eit samarbeidsprosjekt mellom Radøy, Meland, Austrheim, Lindås, Fedje og Masfjorden.

På lokalmønstringa i Meland er det opp mot 20 unge arrangørar som er klare for å setja eit ungdomspreg på mønstringa.

UKM er ei kulturmønstring for ungdom mellom 13 og 20 år. I lokalmønstringa i Nordhordland kan du vera med frå du er 10 år til du er 20 år.

Dei deltagarane som er så heldige å bli sendt vidare til fylkesmønstringa må fylla 13 år i 2016. Fylkesmønstringa vert arrangert på Verftet 15.-17. april.

Fylkesmønstringa i år går over tre dager, men mykje moro, overnatting, workshop og show.

Du kan meld deg på i mange ulike kulturelle uttrykk. Det er berre å vera kreativ og brukta fantasiens.

Du kan delta med til dømes dikt, litteratur, song, band, instrument, dans, teater, film, triksing, kunst, akrobatikk. Og du kan stilla som konferansier, og mykje meir.

Det nye frå i år er at me skal prøve med husband for dei som ynskjer det. Det er bare å ta kontakt med sin kommunekontakt for meir informasjon.

Unge arrangørar oppfordrer ungdom til å melde seg på og det er gratis å delta. Det er kjekt, lærerikt og du får møte og bli kjekt med andre ungdommar med same interesser.

Til no har fleire solister, konferansierar og band meldt seg på. Me håper på ein variasjon av interesser og håper fleire vil melde seg på.

Det hadde vore kjekt med til. dømes nokon danseinnslag, litteratur, teater, kunst og film.

Ved eventuelle spørsmål kan ungdom kontakte sin kommunekontakt. Informasjon står på UKM si heimeside.

Bilde: unge arrangørar på planleggingsmøte i desember

Mvh  
Katarina Birkeland  
Ungdomskoordinator i Radøy